

Framlegg til retningslinjer:

Aktivitetstilskot til frivillige lag og organisasjonar i Etne kommune

Formål:

Tilskotet skal stimulera til frivillig aktivitet som fremjar fellesskap, folkehelse og meistring med særleg fokus på barn og unge.

Vilkår for å søkja aktivitetstilskot:

- Organisasjonen må
 - vera registrert i Frivilligregisteret i Brønnøysund
 - vera open for alle
 - ha eit demokratisk vald styre.
- Organisasjonen må ha minst 10 medlemmer/faste deltakarar frå Etne kommune.
- Organisasjonen sender éin søknad og kan berre søkja innafor éi av tilskotsgruppene.
- Organisasjonar som dekkjer fleire kommunar får:
 - grunntilskot delt på talet kommunar den dekker og medlems-/deltakartilskot for medlemmar heimehøyrande i Etne kommune

Aktivitetar som får tilskot

Barne- og ungdomsarbeid

- Laget må ha minst 12 aktivitetar i året for aldersgruppa 0-24 år
- Tilskotspotten blir fordelt ut frå grunnbeløp og medlemstal/deltakarar.
 - 25 % av tilskotspotten blir delt likt mellom laga
 - 75 % av tilskotspotten blir fordelt etter talet registrerte medlemmer/deltakarar per 31.12/året før i aldersgruppa 0-24 år

Idrett (medlemsorganisasjonar i Norges Idrettsforbund NIF eller Det frivillige skyttervesen DFS)

- Laget må ha minst 24 treningar/aktivitetar i året for aldersgruppa 0-24 år
- Tilskotspotten blir fordelt ut frå grunnbeløp og medlemstal:
 - 50 % av tilskotspotten blir delt likt mellom laga
 - 50 % av tilskotspotten blir fordelt etter talet registrerte medlemmer 31.12.
Medlemmer under 24 år blir vekta med 80 % og medlemmer over 24 år med 20 %
- Midlar til drift av Idrettsrådet kan trekkast av tilskotspotten før fordeling, maks 10%
- Organisasjonen må møta på årsmøtet i Idrettsrådet?

Musikk

- Korpset/koret må ha minst 24 øvingar/konsertar i året
- Tilskotspotten blir fordelt ut frå grunnbeløp og medlemstal/deltakarar.
 - 50 % av tilskotspotten blir fordelt i eit grunnbeløp -- grunnbeløpet til korps/musikklag skal vera det doble av grunnbeløpet til kor.
 - 50 % av tilskotspotten blir fordelt etter talet registrerte medlemmer/deltakarar 31.12/året før. Medlemmer under 24 år blir vekta med 80 % og medlemmer over 24 år med 20 %
- Midlar til drift av Musikkrådet inkludert avsetjing til musikkfondet kan trekkast av tilskottspotten før fordeling, maks 10 %
- Organisasjonen må møta på årsmøtet i Musikkrådet?

Andre

Organisasjonar som har fast aktivitet innfor følgjande område:

- Aktivitet som fremjar mangfald og inkludering, minimum 12 gonger i året
- Aktivitet som fremjar fysisk aktivitet og folkehelse, minimum 12 gonger i året.
- Aktivitet som legg til rette for friluftsliv, tek vare på kulturarv eller andre ueigennyttige tiltak for fellesskapen
- Tilskotspotten blir fordelt etter skjønn ut frå målgruppa som aktiviteten rettar seg mot, type aktivitet, tal deltakarar og andre relevante faktorar